



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	11.09.2007
Tid:	13:00

Forfall må meldast til utvaldssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 07/67	Godkjenning av protokoll	
PS 07/68	Referatsaker	
PS 07/69	Delegerte saker	
PS 07/70	Møte- og talerett i saker som vedkjem eldre	2007/484
PS 07/71	Leigeavtale med Midsund Idrettslag	2007/585
PS 07/72	Låneavtale med Midsund Idrettslag	2007/586

Midsund, 06.09.07

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 07/67 Godkjenning av protokoll

PS 07/68 Referatsaker

PS 07/69 Delegerte saker



Midsund kommune
Heimebasert omsorg

Arkivsak: 2007/484-3

Arkiv:

Saksbeh: Eva Tangen

Dato: 17.09.2007

Saksframlegg

Møte- og talerett i saker som vedkjem eldre

Utvalsak	Utval	Møtedato
07/9	Eldrerådet	03.09.2007
07/70	Formannskapet	11.09.2007
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Behandling i Eldrerådet - 03.09.2007

Eldrerådet fremma i møte 03.09.07 følgjande vedtak;

1. Kommunestyret gjev leiar for eldrerådet, evt. anna medlem utpeika av leiar, talerett i saker som vedkjem eldre.
2. Eldrerådet skal ikkje delta i debatten blant dei forlkevalde.

Vedtak i Eldrerådet - 03.09.2007

1. Kommunestyret gjev leiar for eldrerådet, evt. anna medlem utpeika av leiar, talerett i saker som vedkjem eldre.
2. Eldrerådet skal ikkje delta i debatten blant dei forlkevalde.

Saksutgreiing:

Eldrerådet er eit organ som er pålagt i Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991. Det er eit rådgjevande organ for kommunen, og skal ha til handsaming alle saker som gjeld levkåra for dei eldre i kommunen. Eldrerådet behandlar saker som betalingssatsar, planar og budsjett.

Eldrerådet har dei 2-3 siste åra vore svært aktive. I 2006 vart det halde 7 møter og dei arrangerer i tillegg det årlege arrangementet Den Internasjonale Eldredagen.

Eldrerådet opplever at dei av og til ikkje blir tatt seriøst og at dei mister moglegheita til å påverke saker som gjeld dei eldre i befolkninga. Dette fordi aktuelle saker ikkje kjem opp til behandling i eldrerådet. I staden kjem vedtak i saka som referatsak.

Ein har eksempel på at kommunar har vedtatt å gje leiar for eldrerådet talerett i saker som vedkjem eldre, men at dei ikkje deltek i debatten blant dei folkevalde.

At eldrerådet får talerett kan ha stor betyding for behandling av slike saker. Ein vil påpeike at det nesten ikkje blir nominert eldre på kommunelistene, og at eldrerådet kanskje er det viktigaste talerøret for saker som gjeld eldre.

Vurdering:

Ut frå argumenta i saksutgreiinga kan mykje tale for at eldrerådet får talerett i kommunestyret, i saker som vedkjem eldre i Midsund kommune. I og med at det er opp til kommunestyret sjølv å vedta si møteform, blir saka frå administrasjonen lagt fram utan forslag til vedtak.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Dagfinn Aasen
rådmann

Eva Tangen
leiar sekretærenesta

Vedlegg (prenta):

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:
- eldrerådet



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2007/585-1

Arkiv:

Saksbeh: Melvin Tornes

Dato: 06.09.2007

Saksframlegg

Leigeavtale med Midsund Idrettslag

Utvalsak	Utval	Møtedato
07/71	Formannskapet	11.09.2007

Forslag til vedtak:

Formannskapet godkjenner "Leieavtale mellom Midsund Idrettslag og Midsund kommune", ihht. vedlegg

Saksutgreiing:

Kommunestyret vedtok i sak 06/11 å yte Midsund Idrettslag eit lån på 1,5 mill. kr, og inngå ein 10-årig leigeavtale om "bruk av idrettshallen og samtlege uteanlegg", gjeldande frå 01.01.08. Formannskapet fekk fullmakt til å inngå slik leigeavtale.

Vedlagte leigeavtale er drøfta med idrettslaget, og det er ikkje meiningsforskjellar mellom kommunen og idrettslaget om innhaldet.

Når det gjeld tilhøve til lokaler for biblioteket, skriv idrettslaget følgjande:

Midsund Idrettslag bekrefter at vi stiller oss positive til å inngå eigen utleigeavtale med Midsund kommune om utleie av lokaler som er brukt til Bibliotek i Misdundhallen. Forslag til slik avtale settes opp av kommunen.

Rådmannen rår til at formannskapet godkjenner forslaget til leigeavtale.

Dagfinn Aasen
rådmann

Vedlegg (prenta): Forslag til "Leieavtale mellom Midsund Idrettslag og Midsund kommune", datert 11.09.07

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Midsund Idrettslag



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2007/586-1

Arkiv:

Saksbeh: Melvin Tornes

Dato: 06.09.2007

Saksframlegg

Låneavtale med Midsund Idrettslag

Utvalsak	Utval	Møtedato
07/72	Formannskapet	11.09.2007

Forslag til vedtak:

Formannskapet godkjenner låneavtale med Midsund Idrettslag slik det fram av gjeldsbrev datert 11.09.07

Saksutgreiing:

Det blir vist til sak PS 07/71.

Innhaldet i vedlagte gjeldsbrev er drøfta med Midsund Idrettslag.

Dagfinn Aasen
rådmann

Vedlegg (prenta): Gjeldsbrev datert 11.09.2007

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Midsund Idrettslag